



Jørgen Olsvoll  
Håtuftvegen 280  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1370 - 18/12031

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:  
01.06.2018

## Godkjenning -løyve til oppføring av oppføring av 2 tilbygg til driftsbygg - gbnr 30/2 Hestedal

Administrativt vedtak. Saknr: 120/2018

**Søknads type:** Søknad om løyve om tiltak utan ansvarsrett etter PBL §20-4

**Tiltakshavar:** Jørgen Olsvoll

### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 2 tilbygg til eksisterande driftsbygg med samla bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 55m<sup>2</sup>. Utnyttingsgrad er opplyst til 0,37% BYA.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.05.18.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål (landbruks-, natur og friluftsområde). Det er tillate med oppføring av naudsynte tiltak i LNF, knytet til gardsbasert verksemd i samsvar med pkt. 3.1 i føresegner til kommuneplanen. Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 30% BYA.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21 - 3.  
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.05.18.  
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense mot kommunalt veg vist til å vere 13,0 meter.

Tiltaket ligg 14,0 m frå midten av kommunalt veg.  
Ifølgje PBL § 29-4 skal kommunen påse at veglovas føresegna om byggjegrænse vert følgd.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Det er motteke søknad om plassering av tilbygg 1,0 m nærare enn avsett byggegrense mot kommunalt vegen - Håtuftvegen, jfr. Veglova § 29-30 mot kommunalt vegen – Håtuftvegen.

Ifølgje Veglova § 29 er byggegrense mot kommunal veg 15 meter.

Etter vår vurdering vil eigedomen ikkje råka vegmynde sine interesser ved oppføring av tilbygg 14,0 meter frå vegmidten.

Administrasjonen finn at tiltaket kan plasserast som vist på situasjonskart motteken 22.05.2018, datert 11.05.18.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Når det gjeld visuelle kvalitetar har kommunen ingen merknader til tiltaket.

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønns gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

### **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 120/2018**

### **Vedtak**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-4 a), løyve til oppføring av 2 tilbygg til eksisterande driftsbygg med samla bygd areal (BYA) opplyst til å vere ca. 55m<sup>2</sup> i samsvar med søknad motteke 22.05.2018.

Meland kommune gjev i medhald av pbl. § 29-4 løyve til plassering av tiltak 14, 0 meter frå byggjegrænse mot veg , jfr. Veglova § 29-30, ved oppføring av av tilbygg til eksisterande driftsbygg på gbnr 30/2 i Meland kommune, i samsvar med søknad om dispensasjon motteke 22.05.2018.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 22.05.18.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf.

Matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift.

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### **Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

### **Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

### **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett  
Situasjonskart og teikningar  
Foto  
Nabovarsel  
Søknad om dispensasjon frå avstandskrav  
Situasjonskart

**Mottakarar:**  
Jørgen Olsvoll

Håtuftvegen 280 5918

FREKHAUG